

# Bygdehistorie for Skodje: Innhaldsskisse

## Innleiing

Skodje har på mange måtar komme i skuggen av dei næraste granneområda Borgund og Haram når det gjeld historiske framstillingar om Sunnmøre. Det spelar også ei rolle at området ikkje var eit eige prestegjeld, men berre eit anneksokn under Borgund. I verdsleg inndeling i eldre tid overlappa Skodje to skipreider. Den indre delen høyrde til Valle skipreide, medan resten høyrde til Gryta (Grytten) skipreide. Først frå 1902 vart Skodje ei sjølvstending administrativ eining. Dette inneber også at ein må rekna med ein del ekstra arbeid for å skilje ut det som gjeld Skodje i høve til større administrative einingar.

Gjennom arbeid med kjeldene vil det danne seg eit bilete av særmerkte utviklingsdrag for Skodje, noko som kan danne grunnlaget for ei periodisering av saga. Noko hjelp i dette arbeidet vil ein ha av nasjonale og regionale utviklingstrekk, men først og fremst må periodeinndelinga ta utgangspunkt i det som står fram som særmerkt for Skodje. Kanskje var det slik i denne kommunen at primærnæringane heldt stillinga lenger enn i kommunar i ytre strok, som var sterkare knytte til moderniseringa i fiskeria? Var det slik at industrialiseringa tok seinare til her enn i andre sunnmørskommunar som Ørsta, Sykkylven og Stranda. Kva kan det i så fall skuldast?

Alt i utgangspunktet kan vi merke oss at Hans Strøm i 1760-åra omtalte Skodje slik: «Skoue, som ligger indsluttet imellom Vatne, Borgund og Ørskoug, er det største Annex under Borgund, og tillige det smukkeste sted i Kaldet, efterdi Biergene falde her ikke meget høie, og ere desuden prydede med deilig Fyre-Skove, som udgiør Sognets fornemste Herlighed.» På den tida var folket i Skodje gardbrukarar med fiske og skogdrift som attåtning.

Den følgjande skissa er såleis ikkje meint som ein disposisjon eller ferdig forslag til kronologisk inndeling. Først og fremst peikar vi på tema og problemstillingar som bør trekkast inn. Undervegs i arbeidet vil heilt sikkert nye spørsmål dukke opp. Etter denne innleiinga er skissa elles sydd saman av tre deler, kronologisk fordelt: første del av Jarle Sulebust, andre del av Atle Døssland og siste del av Eldar Høidal. Tilnærminga vert difor ikkje er heilt einsarta.

Det er elles lett å vere samd med *Norsk lokalhistorisk institutt* (brev 26.6. 2015) i at det vil vere naturleg å engasjere minst to ulike forfattarar til ei framstilling som skal spenne like frå dei eldste tider og fram til i dag. Det er likevel ikkje ønskjeleg med alt for mange forfattarar, noko som lett vil gå ut over heilskapen og dei lange linene. Fire årsverk vil nok vere eit minimum for å gjennomføre dette på forsvarleg vis.

Bygdeboknemnda har elles ønskt å legge størst vekt på nyare tid, ca 50% av stoffet etter 1900. Då kan det jo vere aktuelt med eit tobindsverk med tida før og etter 1900 som skilje. Slik kjem ein jo også tett inn på årstalet for Skodje som sjølvstendig administrativ eining: 1902.

## I: Frå dei eldste tider til 1650.

For tida fram til 1650 vil kjeldene, eller mangel på kjelder, leggje føringar på kva emne forfattaren kan ta opp, og kor omfattande desse vert. Kvar folk heldt til, kor mange dei var og glimt inn i

levemåten, er slikt som det kan seiast noko om. Det vil vere naturleg å sjå på om Skodje skil seg frå andre delar av Sunnmøre og om tilhøvet til nabobygdene, særleg Borgund.

### Frå istida sin slutt til mellomalder

Kort om kva tid isen slepte taket og når dei første menneska kan ha innfunne seg på desse kantar. Det er fleire straumar i området. Var det tidlege buplassar her? På eit tidspunkt kom det bufaste bønder i området. Kan ein sei noko om denne prosessen

Gjennom ein studie av gardsnamna kan ein kanskje sei noko om korleis busetjinga ekspanderte. Kvar ligg dei eldste gardane? Korleis var situasjonen ved inngangen til mellomalderen? Her er Norske Gaardnavne, bind 14 eit nyttig hjelpemiddel.

Ein må ta for seg det arkeologiske materialet for å kunne sei noko om samfunnsstruktur og levevis. Her har ein Per Fett sine registreringar frå 1950 og Fasteland sine frå 1981. For tida etter må en vende seg til Universitetsmuseet i Bergen. I denne samanhengen må ein sjå nærare på det Hans Strøm og Peder Fylling skriv om eldre tider.

I Ørskog har det funne stad jernutvinning. Er det spor av slikt i Skodje. Ei vurdering av det arkeologiske materialet elles, avgjer kor mykje ein kan seie om vikingtida.

### Mellomalder

Frå no av kan ein sei noko om svingingane i folketalet. Både om ekspansjonen før 1350, om Mannedauden, om pestane og nedgangen etter 1350 og om lågpunktet tidleg på 1500-talet (o.1520). Skilde Skodje seg ut på nokon måte?

No vert bygdene kristna. Korleis gjekk denne prosessen føre seg. Kvar kom den første kyrkja? Korleis vart kyrkjeorganisasjonen? Skodje sokn og Borgund prestegjeld.

Ein analyse av eigeidsforholda vil vere viktig. Var kyrkja ein stor jordeigar? Kva med Giske? Eigde dei jord her? Var det her som elles på Sunnmøre? Her må ein gå gjennom diplomaterialet og dei eldste kyrkjelege jordebøkene (Aslak Bolt og Olav Engelbrektsson. Mesteparten av diplomaterialet finn ein vist til i Norske Gaardnavne. Kjeldene er likevel så få i denne perioden at ein må leite fram alt det som tek for seg Skodje.

Kva levde dei av? Var det i all hovudsak bønder? Kva med fiske? Korleis var kontakten med andre? Handla dei på Borgund eller andre stader? Kan vi spore sosiale skilnader: storgardar, smågardar, innslag av ulike typar småkårsfolk.

### Frå reformasjonen (1536) og fram til 1650

Her må ein truleg konsentrere seg om tre forhold: ny vekst i busetjinga, kyrkja etter reformasjon og sist men ikkje minst – trelasthandelen.

Når det gjeld busetjinga er det no vekst etter lågpunktet tidleg på 1500-talet. Frå tidleg 1600-tal kan denne følgjast nærare.

Når dukkar Luther si lære opp? Vi veit at den tidleg fekk Giske som eit bruhovud på Sunnmøre. Korleis var den kyrkjelege inndelinga. Kva skjedde med kyrkjene og kyrkjeinteriøret? Kjenner vi noko til prestane? Tilhøvet til Borgund?

Eit hovudemne må vere framveksten av trelasthandelen. Frå handel med rundttømmer til sal av skoren trelast. Når kom flaumsagene? Kvar kom det sager? Kven åtte dei? Kor mykje skar dei? Inntekter? Kven kom for å handle trelast? Avskoging? Kva var styresmaktene sitt svar på dette?

Kva fortel sakefallslistene om dagleglivet i bygda. Kva med skattetrykk og militærteneste? Kva var familien si rolle? Far, mor, barn, dei eldre? Kva hadde dei av kunnskap?

## II: Perioden 1650 til 1865

### 1650 til 1730

For å kartlegge vesentlege endringar over tid, er det nærliggande å ta utgangspunkt i berekna folketal. (Manntala kring 1665 og i 1701, gjev grunnlag for slike berekningar.)

Perioden frå midten av 1600-talet til kring 1730 var ei vanskeleg tid med stagnasjon og til dels nedgang i folketalet i store delar av Kystnorge. Dette kan ha hatt samansette grunnar, til dømes at kysten vart heimsøkt av uvanleg mange dødlege epidemiar. Denne tida var det også fleire krigar med store utskrivningar til hær og flåte. Den førebels siste av desse ressursøydande krigane var Den store nordiske krigen som slutta i 1720. Kjeldene frå denne tida tillet ikkje å analysere den demografiske sida av dette i djupna.

Meir handfast grunnlag har ein for å vurdere kor vidt noko av nedgangen kan ha samanheng med problem i attåttnæringar som fiskeri og trelast. På Sunnmøre var ikkje nedgangen like stor alle stader. Område som låg slik til at dei kunne ro langt til havs for å fiske, ser ut til å ha greidd seg brukbart, til dømes Borgund hovudsokn og Haram. Når Skodje trass i nær granneskap til Borgund og Haram, likevel ser ut å ha hatt ein temmeleg markant befolkningsreduksjon, kanskje kring 20 prosent mellom 1665 og 1701 (denne utrekinga må sjekkast nærare), kan det vere grunn til å gjere eit ekstra poeng av dette. Det kan tenkjast at dette kjem av at folket her ikkje dreiv fiske på offensiv måte, men berre deltok i kystnært sesongfiske. Kanskje var det likevel viktigare at trelastnæringa som hadde hatt slik ei blomstringstid tidlegare no fekk sterkt redusert betydning. Dei resterande 5 sagbruka som vart registrerte i 1685 skar berre til «husfornødenhed», heitte det. Mykje av skogen var uthoggen. Også jordbruksproduksjonen kan ha minke i denne perioden med gjennomsnittleg låg årstemperatur («den vesle istida»)

### 1730 til 1815

Til gjengled ser det ut til at tida frå 1730-åra og fram til kring 1770 var ei framgangstid. Det er nærliggande å knyte dette til glitrande knystnært fiske både etter torsk og sild. Det er no salting av sild fekk eit verkeleg stort omfang. Kanskje kan produksjon av tønner og anna utstyr til fiske ha spelt ei vel så stor rolle i Skodje som sjølve deltakinga i fisket. Såpass nær som i Borgund fanst ein svært stor del av dei sunnmørske borgarane som organiserte saltinga. Tjøre både til fiskebåtar og hus synest også å ha vore svært viktig i denne perioden. Hans Strøm hevdar at folket i Skodje særleg hadde lært tjørebrenning av opplendingar. Også her kunne dei profittere på nærleik til dei store fiskeria i Borgund og Haram. Strøm nemner også at det på Solnør vart brent kol som dei leverte like til Mostadmarka jernverk i Trøndelag.

Sunnmøre gjekk inn i ein stagnasjonsperiode mot slutten av 1700-talet og fram til 1815. Fiskeria var igjen sviktande, og i perioden 1807–14 vart område som i stor grad dreiv eksportretta fiske sterkt ramma av fastlandssperiinga under Napoleonskrigane. Sidan det var direkte folketal-nedgang i Skodje, synest området å ha vore mellom dei kraftigast råka på heile Sunnmøre (ca 850 innbyggjarar i 1769 og berre 785 i 1815). Frå Sunnmøre som heilskap var det ein god del utflytting i denne tida. Det er sannsynleg at dette også gjeld Skodje. Men i motsetning til før, har ein no kyrkjebøker som viktig

kjelde for å analysere demografiske endringar: giftarmål, fødsel og død, og dermed også utflyttingsoverskot.

Skodje var eit perifert område når det gjaldt maktutøving frå styresmaktene, sidan så få embetsmenn var stasjonerte der. Likevel hadde jo garden Valle gjeve namn til eit heilt skipreide. Kvar vart tingsamlingane haldne, og kvar budde bondelensmennene? Kom den perifere statusen til å spele ei rolle når det gjaldt gjennomføring av nye tiltak som konfirmasjon, allmugeskule og fattigvesen på 1700-talet. Området ser i alle høve ikkje ut til å ha vore mellom sinkene på Sunnmøre når det gjaldt interesser for religion og bokleg kultur. Jostein Fet har funne at Gryta var det skipreidene som hadde aller sterkast innslag av bøker i skifte 1750–79. Dette jamnar seg ut seinare i høve til resten av Sunnmøre. Men dette kan bety at lesekunnskapen var utbreidd i Skodje alt før skuleordningane kom i stand.

Kan vi peike på at det fanst ein type bygdeelite (også kulturelt) innanfor Skodje. Kven var lagrettemenn, prestens medhjelparar, kyrkjeverjer, medlemmer i skule- og fattigkommisjonar osv? På den andre sida er det verd å merke seg at Borgund og Haram alt tidleg på 1700-talet hadde eit betydeleg innslag av husmenn, mest knytt til fiske. Men i Skodje var det truleg få husmenn, liksom på resten av Sunnmøre.

### 1815 til 1865

I 1814 var det slutt på fastlandssperring og krig med England og Sverige. Skodje får no ein klar vekst i folketalet i alle fall fram til 1865, med ei viss utflating etter det. På landsplan, og særleg i kystnære strom, hadde det fram til då vore nokså høgt tal på døde i høve til folketalet, men denne høge mortaliteten minka vesentleg frå 1815 og utetter. Særleg gjeld dette småbarnsdødsfall. Dette var ei hovudårsak til at folketalsveksten vart mykje sterkare enn før. Men korleis arta dette seg i Skodje?

Elles er det klart at fiskeria på nytt vart betydelege, det er no det også for alvor verst sving på klippfiskproduksjonen på Sunnmøre i «spansketida» med Ålesund som sentrum. I det heile er det rimeleg at framveksten av Ålesund, som jo fekk kjøpstadstatus i 1848, må ha spelt ei viktig rolle for eit nært omland som Skodje. Kan ein påvise eit aukande vekt på marknadsretta produksjon både frå jordbruket og handverk for å forsyne ei veksende bybefolkning? Innanfor jordbruket gjeld dette truleg mest produkt frå husdyr, men kanskje kan dei også ha produsert eit overskot av den nye åkerplanten, potet.

Også på Sunnmøre får ein ei sterkare sosial lagdeling i denne perioden, endå omfanget av husmannsvesen var lite i høve til Romsdal og Nordmøre. Men korleis var dette i Skodje? Dette er også perioden då politisk verksemd vert meir synleg. Korleis var oppslutnaden om Stortingsvala frå 1814 og utetter? Korleis gjekk det med innføring av formannskapslovene og oppslutning om kommuneval. Kven vart valde inn i kommunestyre og formannskap. Skodje var jo berre ein del av det den store Borgund kommune, og var venteleg også no i den maktpolitiske periferien.

I denne perioden kan det også ha skjedd ei viss utvikling av kommunikasjonar, kanskje mest i retning Ålesund. Elles er det grunn til å legge vekt på utviklinga av skulen. Kring 1860 må vi rekne med at overgang til fastskule var i fullt gjenge.

### III: Perioden 1865 til d.d.

Frå midten av 1800-talet endra samfunnet seg i raskare takt enn tidlegare. Fleire faktorar verkar med til dette hamskiftet som prega sunnmørssamfunnet om enn med noko tidsforskyving, alt etter kor i fogderiet ein har fokuset. Det nasjonale og internasjonale varebytet vart meir omfattande. Vegar og

båtruter knytte regionar og land tettare saman. Teknologisk utvikling i fiskeria la til rette for fisket som heilårsverksemd. Framvekst av bankar og byrjande urbanisering la grunnlag for auka spesialisering i vareproduksjonen. Dei første industriltaka voks fram langs med elvar som gav trekraft til maskiner. Betre hygiene, endra byggeskikk og meir allsidig kosthald var med og bidrog til folkevekst. Ein del av fødselsoverskotet flytta til byane, og nokre søkte nye utveggar ved å vandre ut til andre land. Mot dette bakteppet må vi i allmennsoga for Skodje gå systematisk fram for å finne ut korleis samfunnsutviklinga var i Skodje, og på kva måte denne skilde seg frå kommunane rundt.

Sentrale problemstillingar for den første perioden i det «moderne» Skodje vert:

**Korleis var folketalsutviklinga i heradet?** Kva seier talmaterialet som ein til dømes finn i folketeljingane i 1865, 1875, 1890 og 1900 om graden av flytting frå, eventuelt til kommunen. Kvar flytte dei som ikkje vart buande i heimkommunen? Kan vi sjå tendensar til tilbakeflytting? Var det slik at mange av dei som emigrerte til USA kom tilbake, og til dømes starta ny verksemd i Skodje? Kor mange flytte til nabokommunane og til den nærmaste kommunen, Ålesund?

**Sosiale tilhøve.** Korleis var eigedomsstrukturen i Skodje – og Vatne som høyrde saman med Skodje fram til 1901. Når skjedde overgangen til sjølveige i Skodje? Kan vi finne ut kva som dreiv fram denne overgangen? Var gardane jamt store eller jamt små? Kva med utbreiinga av husmannsskipnaden? Kven sette seg eventuelt ned som husmenn? Kva var statusen til husmennene? I kva grad hadde dei arbeidsplikt eller andre faste skyldnader til gardseigarane?

**I kva retning gjekk næringslivet i Skodje?** Korleis var utvikling innan modernæringa, landbruket, frå midten av 1800-åra? Kor utbreidd var fiske som attåtnæring?

Ålesund hadde hatt ein rik økonomisk vekst frå 1830-åra, med auka fiskeeksport, m.a. til Spania. Frå 1860-åra tok bankfisket til, og fleire fekk etter kvart fisket, og fiskerirelatert arbeid på land, som heilårsyrke. Skodje er ein av nabokommunane til Borgund og Ålesund. I kva grad hemma denne nærleiken utvikling av alternative næringar i Skodje? Eller var det slik at Skodje nytta sine naturlege føremoner i ei næringsutviklande samspel med byen? Kva med båtruter til byen?

**Offentlege institusjonar.** Frå 1838 var Skodje ein del av Borgund herad, saman med Vatne. Frå 1849 vart Skodje og Vatne skilt ut som eigen kommune. Kva for argument vart nytta for å få til denne utskiljinga? Kva var limet som heldt Skodje og Vatne saman. Kva reiv i tu? Kva var grunnen til at dei to bygdene skilde lag i 1902? Korleis utvikla det administrative senteret i kommunen seg? Kva var sentrumsbyggjande institusjonar/funksjonar? Kva rolle spela kyrkja her?

Hovudproblemstillingar for tida etter 1900

Det er naturleg at det vert ein ny periodestart det året Skodje vert eigen kommune. Det er frå oppdragsgjevarane tenkt at åra etter 1900 skal utgjere om lag 50% av verket. Det er då naturleg å sjå for seg at denne bolken vert delt opp i mindre kronologiske bolkar, t.d. tre eller fire, for å lette oversikta og skape struktur i stoffet. Femårsperioden under okkupasjonen peikar seg jo sjølv ut som noko særskild. På kva måte greidde bygda seg gjennom krigen, og kva særprega konflikt og tilpassingar nettopp her? Likevel er det ikkje opplagt at desse fem åra skal utgjere eit eige kapittel. Det er også mange klare liner til tida før, og ikkje minst kontinuitet på mange felt inn i etterkrigsåra.

På leit etter berande strukturar på langs i samfunnsutviklinga må ein søkje i følgjande temafelt:

**Demografi.** Korleis var folketalsutviklinga framover på 1900-talet i Skodje, samanlikna med andre kommunar på Sunnmøre? Korleis var flyttemønsteret? Var det fleire som flytte frå enn til

kommunen? Var rørslene sterkare i enkelte periodar enn i andre? Kvar seier det om tilhøva i Skodje? Eit enkelt søk i arkivverket.no for personar fødte i Skodje i 1865 viser at av eit årgangskull på 77 var det 28 som busette seg utanfor Skodje (på tidspunkt då det vart gjort folketeljingar). Dei fleste vart verande i kommunen, og dei aller fleste hadde arbeid i primærnæringane. Andre yrke som er registrert i folketeljingane i 1900 og 1910 er syar, skreddar, snekkar og byggmeister.

**Næringsliv.** Strøm skreiv, som sagt, i 1766 at Skodje største «herlighet», eller føremun, var skogressursane. I kva grad har denne ressursen vore retningsgjevande for utviklinga innan næringslivet i Skodje kommune i nyare tid? Ein må kartleggje utviklinga gjennom å sjå på næringsstatistikk og andre tilgjengelege oversyn over næringstiltak i distriktet. Ser ein på Møre og Romsdal Fylkesleksikon for 1953, får ein inntrykk av at det er eit lågare tal næringsverksemdar utanom landbruket i Skodje enn i kommunane rundt. Sjølv om dette er ein katalog som er basert på betalte oppføringar, seier det noko om skilnader kommunane imellom når det i Skodje er ført opp 21 ulike næringstiltak<sup>1</sup> og i nabokommunane Sykkylven og Stranda høvesvis 121 og 56. 6 av dei 21 bedriftene i Skodje var trevarebedrifter. Eit visst industrimiljø kan ein då snakke om, men biletet er like mykje prega av variasjon og individuelle interesser blant dei næringsdrivande. Skodje hadde t.d. i 1954 ein karosserifabrikk.

Korleis var utviklinga innan primærnæringane? Nærleiken til byen gjorde at lokale bønder/næringsmiddelbedrifter fekk byen som potensielle marknad. Kva for konsekvensar fekk dette for det lokale landbruket?

**Infrastruktur.** Skodje grenser til Storfjorden som var ei viktig transportåre på Sunnmøre. Også etter at samferdsla gjekk over til meir landverts trafikk låg Skodje sentralt i transportåra mellom aust og vest. I kva grad påverka denne lokaliseringa samfunnsutviklinga? Førte den geografiske plasseringa til meir mobilitet i befolkninga? Har lokaliseringa sett spor innan næringsutviklinga og hatt betydning for etablering av bedrifter. Kor mange bedrifter finn vi her innan samferdslesektoren? Først og fremst har nok framleis likevel nærleiken til Ålesund spelt ei rolle. Kva hadde til dømes Ålesunds-brannen 1904 og gjenreisninga av byen etterpå å seie for folk i Skodje?

Kva har overgangen til landverts transport og utbreiinga av privatbilismen hatt å seie for samfunnsutviklinga i Skodje? Ålesund har hatt ein stor breidde i næringslivet og geografisk nærleik har gjeve høve til arbeidspendling. Kva har framveksten av eit dominerande kjøpesenter på Moa hatt å seie for dei som bur i Skodje og for den lokale næringsstrukturen?

Dei siste åra har Digernesskiftet vekse fram til å bli eit kommunikasjonsmessig knutepunkt og ein stad for lokalisering av servicebedrifter. Digernesskiftet ligg strategisk til mellom indre og ytre, og nordre og søre Sunnmøre, og også mellom Romsdal og Sunnmøre, og vil truleg i framtida få ei enda meir sentral rolle som knutepunkt for vegtrafikk og vare- og tjenestedistribusjon i regionen.

**Offentlege institusjonar – skular.** Korleis utvikla den kommunale organisasjonen seg, før og etter at Skodje vart eigen kommune i 1901? Sjå nærare på utviklinga av skulekrinsar som seier noko om grendebygging og lokale samhandlingsmønster. Skodje vart relativt seint eigen kommune. I ein periode, 1965 til 1977, var Skodje også del av storkommunen med Stordal, Ørskog og Skodje. Sjå på argumenta for samanslåing, sprik mellom sentrale og lokale vurderingar. Kva for argument gjorde at ein vann fram med ny oppsplitting? I 2016 er kommunestrukturen på nytt under debatt. Korleis står Skodje seg som kommuneorganisasjon i dag?

**Kultur- og organisasjonsliv.** Finst det særdrag innanfor kulturlivet i Skodje. Personen Peder Fylling, kva for miljø gjekk han utifrå? Kva for spor sette verket hans i kommunen? Fanst det kulturelle senter i kommunen? Kva med Solnør gard. I kva grad var det kontakt mellom denne embetsgarden og lokalsamfunnet elles, i ein kulturell samanheng? Kva med kyrkja og dei frie åndssamfunna? Var det

samhandling, eller strid og spenn mellom ulike religiøse samfunn? Jarle Sulebust som har studert livsverket til Peder Fylling, fortel at Fylling i si tid kritiserte presten i kommunen for å nytte preikestolen til å fremje konservative haldningar. Var dette berre ein strid mellom to personar eller stakk det djupare? Kva med den frilynde ungdomsrørsla? Kor sterkt stod målrørsla i kommunen? Utvikling over tid. Har den nære tilknytninga til byen sett spor her?

I dei seinare åra har kommunen markert seg som arrangementsstad for klassiske konsertseriar, gjennom Fjord Cadenza. Er dette eit tilfeldig einsmannsverk (Jens Moe), eller har Skodje særmerkte musikktradisjonar?

Allmensoga for Skodje bør ha ein oppsummerande del, der ein dreg opp dei lange linjene, og får fram samanhengar og brot som har vore i den perioden som er behandla. Igjen må ein søkje etter det som er særmerkt for Skodje, særdrag i demografi, næringsutvikling, samfunnsorganisering, kulturelle uttrykk. Ei hovudutfordring vert å sjå på korleis teknologiske og samfunnsmessige endringar har påverka det handlingsrommet folk i Skodje har hatt når det gjeld å skaffe seg utkome, og å bu og verke i kommunen.

Volda og Ålesund 15.1.2016

Jarle Sulebust

Atle Døssland

Eldar Høidal